

**Invitasjon til konferanse om rammevilkår og omsetning –
muligheter og hindringar for omstilling og vekst for Rogalandslandbruket
fredag 27. august 2021 kl. 10.00-15.00 på Øksnevad vidaregåande skole**

Politikarar, næringsutøvande i landbruket, rådgiving, forvaltning, undervisning, og andre samfunnsengasjerte blir invitert.

Trendane i norsk forbruksmønster er mindre kjøttforbruk samstundes som norsk mjølkekonsum går ned. Eterspurnaden er aukande etter produkt som bær, frukt og grønsaker. Ei omstilling av produksjonen krev at heile verdikjeda fungerer; alt frå rammevilkår til marknadsadgangen.

Kva ambisjonar har styrande makter og politikarane for matfylket Rogaland, og er det eigentleg vilje til å få til ei berekraftig omstilling?

Agenda

- 10.00 **Registrering, vi møtest over kaffikoppen og ved fruktfatet til koronafri småprat**
- 10.30 **Velkommen til Øksnevad vidaregåande skole.** Eiliv Fougner Jansen, rektor
- 10.35 **Mat og marknad – korleis NIBIO og Rogaland Landbrukspark engasjerer seg.** Arne Sæbø, stasjonsstyrar NIBIO Særheim og styreleiar i Rogaland Landbrukspark
- 10.45 **Korleis vil Bondelaget bidra til omstilling i Rogalands jord- og hagebruk?** Marit Epletveit, styreleiar i Rogaland Bondelag
- 11.00 **Tilgang til marknaden gjennom betre handelsavtalar -realismen i å auka norsk produksjon gjennom redusert import.** Leif Forsell, sivilagronom/landbruksøkonom
- 11.25 **Har vi handlingsrom med omsyn til omstilling i norsk landbruk?
Maktfaktorar i norsk matproduksjon – styrer politikken kjedene eller er det kjedene som styrer politikken?** Olaug Bollestad, landbruks- og matminister
- 11.50 **Enkel lunsj servert av elevar ved skolen**
- 12.45 **Er vi forberedt og har vi verktøy til omstillingar i norsk jord- og hagebruk?** Geir Pollestad, leiar av næringskomiteen på Stortinget

- 13.05 **Grøntsektoren i Rogaland: muligheter og hindringer for å auka produksjonen.** Ivar Pettersen NIBIO
- 13.30 **Kor viktig er det å få stabile forsyningar av råstoff og kva konsekvensar kan ein nedgang gi?** Terje Wester, dagleg leiar Fatland AS
- 13.55 **Beinstrekk**
- 14.05 **Paneldebatt.** Innleiarane deltar. Leia av Tor Øyvind Skeiseid
- 14.50 **Avslutning.** Arne Sæbø

Det vert gitt rom for 5 minuttar til spørsmål etter kvart innlegg.

Pris: kr 400. Blir fakturert etter møtet.

Møtet vert lagt til Teams dersom smittesituasjonen tilseier det. Alle påmeldte får då e-post med innkalling. Kostnaden fell bort.

Påmelding innan torsdag 19. august [her](#).

Hald av tidspunktet i kalenderen!

Velkommen!

NIBIO har prosjektet «*Korleis auke produksjonen av grønnsaker i Rogaland*» og Rogaland Landbrukspark har planar om å søka midlar til eit «*Scenario-prosjekt*». Begge desse initiativa vil ha stor nytte av innspel frå politikarhald. Temaet er og av stor allmenn interesse, både i og utanfor landbruket.



Rogaland Landbrukspark har sitt utspring i Særheim- og Øksnevad-miljøet, og består av organisasjonane: NIBIO, Vinterlandbruksskulen på Jæren, Vinterlandbruksskulen i Ryfylke, Øksnevad vidaregåande skole, Høgskulen for grøn utvikling, NLR Viken, NLR Rogaland, Tine medlem og rådgiving, Jæren Rekneskapslag.

Formålet med Landbruksparken er å bidra til synergieffektar gjennom samhandling til nytte for landbruket.

Konferansen vert støtta av kompetansehevingsmidlar i landbruket.



Geir Pollestad, leiar av Næringskomiteen på Stortinget stortinget.no



Olaug Bollestad, landbruks- og matminister stortinget.no



Leif Forsell, landbruksøkonom Bondevennen



Marit Epletveit, leiar av Rogaland Bondelag Jæren rekneskapslag



Ivar Pettersen, forskar NIBIO nibio.no



Tor Øyvind Skeiseid, konferansier Ryfylke Livsgnist



Terje Wester, dagleg leiar Fatland Fatland

Programkomite: f.v. Eiliv Fougner (ØVS), Arne Sæbø Bondevennen, Helga Hellesø privat

